

# Eksamen

27.05.2016

LBR3005

Økonomi og driftsledelse / Økonomi og driftsleiing

**Programområde:** Vg3 Landbruk

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal oppgje forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Viss du brukar utskrift eller sitat frå Internett, skal du oppgje nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga dine til løysing på oppgåva</li><li>• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva</li><li>• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine</li><li>• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter</li><li>• Bruke eksempel der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og påliteleg måte</li></ul>
<b>Andre opplysningar</b>	Oppgåvesettet inneheld <u>tre</u> oppgåver. Du skal svare på alle tre.

## Situasjonsbeskriving

Du har kjøpt eit gardsbruk som heiter Gullia.

Gullia har 300 dekar fulldyrka jord. Det er for det meste stiv leire, og vurderinga di er at dreneringstilstanden er god.

Våningshuset er i god stand.

Det er et bra reiskapshus på 400 kvadratmeter på garden.

Det er et gammalt kufjøs på garden, men fjøset er i svært dårleg forfatning, og du vurderer det som best å rive det.

Drifta av jorda har vore bortleigd i 20 år, og det meste av traktorar og reiskap er selt før du kjøpte garden.

Du betalte 2.500.000,- for Gullia. Du brukte 1.000.000,- av egne pengar, resten er lånefinansiert i privat bank.

Du planlegg å drive garden sjølv, og å forsøke å leve av produksjonen der.

Andre opplysningar du treng, og kor denne garden ligg i Noreg, må du i dei neste oppgåvene lage/føresetje sjølv.

## Oppgåve 1

Du vurderer kva slags produksjon du skal starte med på garden. Du er opptatt av å vere i forkant av marknadsutvikling og politiske avgjerder for å ta dei riktige vala med tanke på drift og økonomi.

- a) Vurder korleis utvikling i landbrukspolitikken kan påverke drift og økonomi på gardsbruk i Noreg gjennom ulike offentlege og «bondestyrte» verkemiddel, inkludert pris på produkta.
- b) Ut frå svara dine i oppgåve 1a) og andre tilhøve du meiner har betydning, skal du ta eit grunngitt val av driftsform og investeringsbehov på Gullia. Drøft økonomisk risiko ved dette valet.

## Oppgåve 2

Ut frå valet av produksjon du har tatt i oppgåve 1b), er det fleire moment som må vurderast:

- a) Økonomien og anna i drifta blir påverka av at du må betale skatt av eventuelt overskot.

Korleis kan ein som verksemdsleiar/gardbrukar påverke skattenivået både kvart enkelt år og på lang sikt?

- b) Du skal enten tilsetje gardsarbeidar i fast stilling (det er mogleg å administrere tilsetjinga sjølv), eller bruke avløysarlag for å administrere gardsarbeidar(ar). Beskriv hovudforskjellen mellom desse to ordningane for deg som gardbrukar, og gje ei kort oversikt over ulike kostnader som kjem til når du har arbeidstakar.

## Oppgåve 3

For produksjonen du valde i oppgåve 1b) skal du lage ei enkel økonomisk oversikt som skal resultere i eit planlagt driftsoverskot. Du må i tillegg til å velje produksjon, bestemme driftsomfang for produksjonen (for eksempel tal på årskyr).

Oversikta skal setjast opp for første heile år etter at du er kome i full drift på garden. Det brukast dekningsbidragsmetoden.

Grunngje svara og vis utrekningar du gjer i oppgåvene nedanfor.

- a) Kva er eit dekningsbidrag?  
Set opp eit enkelt dekningsbidrag for produksjonen du valde på Gullia.
- b) Kva er produksjonstilskot?  
Kva for typar produksjonstilskot får du for produksjonen på Gullia? Rekn ut eller anslå tilskot for denne produksjonen.
- c) Kva er faste kostnader?  
Kva slags faste kostnader (utan avskrivning) får du på Gullia? Anslå størrelsen på kvar enkelt av dei faste kostnadene.
- d) Kva er avskrivningar?  
Korleis blir avskrivningar berekna?  
Rekn ut eller anslå årlege avskrivningar for Gullia.
- e) Rekn ut planlagt driftsoverskot/-underskot ut frå svara i oppgåve 3a) til 3d)

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	Ingen
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse.</p> <p>Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkter og forslag til løsning på oppgaven</li><li>• Trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger</li><li>• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg</li><li>• Mestre relevante grunnleggende ferdigheter</li><li>• Bruke eksempler der dette er relevant</li><li>• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte</li></ul>
<b>Andre opplysninger</b>	Oppgavesettet har <u>tre</u> oppgaver som alle skal besvares.

## Situasjonsbeskrivelse

Du har kjøpt et gårdsbruk som heter Gullia.

Gullia har 300 dekar fulldyrka jord. Det er for det meste stiv leire, og din vurdering er at dreneringstilstanden er god.

Våningshuset er i god stand.

Det er et bra redskapshus på 400 kvadratmeter på gården.

Det er et gammelt kufjøs på gården, men fjøset er i svært dårlig forfatning, og du vurderer det som best å rive det.

Drifta av jorda har vært bortleid i 20 år, og det meste av traktorer og redskap er solgt før du kjøpte gården.

Du betalte 2.500.000,- for Gullia. Du brukte 1.000.000,- av egne penger, resten er lånefinansiert i privat bank.

Du planlegger å drive gården selv, og å forsøke å leve av produksjonen der.

Øvrige opplysninger du trenger, og hvor denne gården ligger i Norge, må du i de neste oppgavene lage/forutsette selv.

## Oppgave 1

Du vurderer hvilken produksjon du skal starte med på gården. Du er opptatt av å være i forkant av markedsutvikling og politiske beslutninger for å ta de riktige valgene med tanke på drift og økonomi.

- a) Vurder hvordan utvikling i landbrukspolitikken kan påvirke drift og økonomi på gårdsbruk i Norge gjennom ulike offentlige og «bondestyrte» virkemidler, inkludert pris på produktene.
- b) Ut fra dine svar i oppgave 1a) og andre forhold du mener har betydning, skal du ta et begrunna valg av driftsform og investeringsbehov på Gullia. Drøft økonomisk risiko ved dette valget.

## Oppgave 1

Ut fra valget av produksjon du har tatt i oppgave 1b), er det flere momenter som må vurderes:

- a) Økonomien og annet i drifta påvirkes av at du må betale skatt av eventuelt overskudd.

Hvordan kan man som bedriftsleder/gårdbruker påvirke skattenivået både det enkelte år og på lang sikt?

- b) Du skal enten ansette gårdsarbeider i fast stilling (det er mulig å administrere ansettelsen selv), eller bruke avløserlag for å administrere gårdsarbeider(e). Beskriv hovedforskjellen mellom disse to ordningene for deg som gårdbruker, og gi en kort oversikt over ulike kostnader som påløper når du har arbeidstaker.


## Oppgave 3

For produksjonen du valgte i oppgave 1b) skal du lage en enkel økonomisk oversikt som skal resultere i et planlagt driftsoverskudd. Du må i tillegg til å velge produksjon bestemme driftsomfang for produksjonen (for eksempel antall årskyr).

Oversikten skal settes opp for første hele år etter at du er kommet i full drift på gården. Det brukes dekningsbidragsmetoden.

Begrunn svarene og vis utregninger du foretar deg i oppgavene nedenfor.

- a) Hva er et dekningsbidrag?  
Sett opp et enkelt dekningsbidrag for produksjonen du valgte på Gullia.
- b) Hva er produksjonstilskudd?  
Hvilke typer produksjonstilskudd får du for produksjonen på Gullia? Regn ut eller anslå tilskudd for denne produksjonen.
- c) Hva er faste kostnader?  
Hva slags faste kostnader (uten avskrivning) får du på Gullia? Anslå størrelsen på hver enkelt av de faste kostnadene.
- d) Hva er avskrivninger?  
Hvordan beregnes avskrivninger?  
Regn ut eller anslå årlige avskrivninger for Gullia.
- e) Regn ut planlagt driftsoverskudd/-underskudd ut fra svarene i oppgave 3a) til 3d)



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)